Krav om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Denne orienteringa beheld du sjølv.

Orientering

Formålet med supplerande stønad

Supplerande stønad skal garantere at personar over 67 år med kort butid i Noreg får ei samla inntekt som svarer til minstepensjonen i folketrygda.

Supplerande stønad er regulert av ei eiga lov og er ikkje ei folketrygdyting.

Vilkåra for å få supplerande stønad

- Du må ha lovleg tilgang til fast bustad i Noreg og vere busett i Noreg. Du reknast som busett dersom du er registrert i folkeregisteret og og har opphaldsløyve som kan gi grunnlag for permanent busetting .
- Du må vere 67 år.

Annan viktig informasjon ved søknad om supplerande stønad:

- Du må møte personleg opp på NAV-kontoret ditt i samband med søknaden. Eventuell ektefelle, sambuar eller registrert partnar må òg møte opp personleg på NAV-kontoret. Ved frammøte på NAV-kontoret må du legitimere deg med pass eller anna reisedokument.
- Stønaden blir gitt for tolv månader om gongen. Du kan få stønad for inntil tre månader tilbake i tid frå søknadsdatoen.
- Stønaden er behovsprøvd mot alle typar inntekt som stønadsmottakaren og eventuell ektefelle, sambuar eller registrert partnar har (pensjon, formuesinntekt, arbeidsinntekt o.a.). Både inntekt og/eller pensjon frå Noreg og inntekt og/eller pensjon frå utlandet skal medreknast.
- NAV-kontoret ditt kallar inn deg og eventuelt ektefellen eller sambuaren din til samtale to gonger i stønadsperioden.
- Stønadsretten fell bort dersom du oppheld deg i utlandet i meir enn 90 dagar i samanheng eller i meir enn 90 dagar til saman i ein stønadsperiode.
- Stønadsretten fell bort dersom du blir innlagd i institusjon over lengre tid.

Vedlegg til søknaden

- Kopi av busetjingsløyve frå Utlendingsdirektoratet for deg og eventuell ektefelle, sambuar eller registrert partnar, og barn under 18 år
- Kopi av passet ditt og passet til eventuell ektefelle, sambuar eller registrert partnar og barn under 18 år
- Kopi av den siste likningsutskrifta eller den siste sjølvmeldinga dersom den er nyare, for søkjaren og eventuell ektefelle, sambuar eller registrert partnar.

Storleiken på supplerande stønad

- Satsen for supplerande stønad til ein einsleg person tilsvarer beløpet for minste pensjonsnivå høg sats i folketrygda.
- For ein stønadsmottakar som lever saman med ein ektefelle, sambuar eller registret partnar under 67 år, tilsvarer beløpet for supplerande stønad 125 % av minste pensjonsnivå høg sats i folketrygda.
- For ektefellar, sambuarar eller registrerte partnarar som begge er over 67 år og lever saman, tilsvarer satsen for supplerande stønad beløpet for minste pensjonsnivå ordinær sats i folketrygda.
- For ein stønadsmottakar som bur saman med og forsørgjer barn under 18 år, aukar stønadssatsen med 20 % av minste pensjonsnivå høg sats for kvart barn. Det blir ikkje gitt slik satsauke dersom barnet har inntekt over 1 G.
- Alle inntekter går til frådrag i stønadssatsen.
- Dersom stønadsbeløpet etter frådrag blir lågare enn to prosent av brutto stønad for einsleg person, blir ikkje stønaden utbetalt.

Meldeplikt o.a.

Du må melde frå til NAV-kontoret ditt dersom du

- endrar sivilstand
- endrar adresse
- reiser til utlandet
- får endringar i inntektsforhold og andre forhold som kan vere viktige for storleiken på stønaden

Dersom stønad blir utbetalt feil fordi du ikkje har meldt frå om endringar (jf. ovanfor) eller har gitt urette opplysningar, kan stønaden krevjast tilbake. Det gjeld òg stønad som du har fått, og som du burde ha forstått at du ikkje hadde rett til. Slike forhold kan òg medføre straffeansvar. Dersom du får utbetalt for mykje fordi du ikkje har retta deg etter meldeplikta, blir det som er for mykje utbetalt, trekt frå i framtidige utbetalingar.

Rettleiing til korleis skjemaet skal fyllast ut

Nedanfor finn du ei rettleiing til nokre av felta på blanketten som du skal fylle ut.
NAV-kontoret ditt kan gi deg fleire opplysningar og hjelpe deg med å fylle ut skjemaet.

Felt 1 Personlege opplysningar
Det er berre dei som aldri har vore gifte, som skal krysse av for "Ugift". Dersom du ikkje er skild, men det er eit reelt brot (det vil seie at det økonomiske og sosiale fellesskapet med ektefellen din/registrert partnar er over), seier ein at ektefellane/registrerte partnarar lever "kvar for seg".

Det same gjeld dersom ektefellen din/registrert partnar bur fast på sjukeheim eller aldersheim.
For å ha rett til supplerande stønad må du ha lovleg tilgang til fast bustad i Noreg. Stønadsretten fell bort dersom du oppheld deg i utlandet i meir enn 90 dagar i samanheng eller i meir enn 90 dagar til saman i løpet av stønadsperioden.

Felt 2 Opplysningar om ektefellen/sambuaren / registrert partnar dersom de lever saman
Feltet skal fyllast ut dersom du lever saman med ektefelle, sambuar eller registrert partnar.

Felt 3 Opplysningar om pensjon og anna inntekt
Feltet skal fyllast ut dersom du har arbeidsinntekt, inntekt av kapital eller anna formue, pensjonsinntekter eller andre trygdeytingar (ikkje barnetrygd og grunn- og hjelpestønad). Dersom du får pensjon frå fleire ulike ordningar, må du spesifisere ordningane og beløpa. Både norske og utanlandske inntekter skal reknast med. Oppgi bruttobeløpa før skatt.

Dersom du er sjølvstendig næringsdrivande, skal du oppgi berekna personinntekt etter reglane i skattelova (før skatt). Dersom du både har berekna personinntekt og arbeidsinntekt, oppgir du begge beløpa.

Supplerande stønad blir gitt dersom full supplerstønad er høgare enn samla inntekt. Stønaden skal utgjere differansen mellom desse beløpa.

Felt 4 Opplysningar om pensjonen til ektefellen/ sambuaren/registrert partnar og anna inntekt
Du skal fylle ut feltet dersom ektefellen, sambuaren eller registrert partnar har arbeidsinntekt, inntekt av kapital eller anna formue, pensjonsinntekter eller andre trygdeytingar, bortsett frå barnetrygd og grunn- og hjelpestønad.
Sjå elles rettleiinga til felt 3.

Felt 5 Opplysningar om formue
Du skal fylle ut feltet dersom du eller ektefellen, sambuaren eller registrert partnar har formue.
Finansformue vil her seie summen av kontantar, bankinnskot, omsetjelege aksjar, obligasjonar, delar i verdipapirfond, andre omsetjelege verdipapir, utestående fordringar o.a.
Formue i form av verdifull bustad, fritidsbustad, andre eigedommar eller andre gjenstandar av stor verdi skal òg reknast med. Formue i form av vanleg bustad skal ikkje reknast med.

Felt 6 Opplysningar om sosialstønad
Dersom du eller ektefellen, sambuaren eller registrert partnar får sosialstønad, oppgir du det i dette feltet.

Felt 7 Opplysningar om eigne barn og eigne adoptivbarn under 18 år
Du skal fylle ut feltet feltet dersom du har eller forsørgjer barn under 18 år. Satsen for full supplerande stønad aukar med 20 prosent av minste pensjonsnivå høg sats for kvart barn under 18 år som du forsørgjer og bur saman med i eitt hushald. Du får ikkje tillegg for fosterbarn

Felt 8 Språkform og underskrift
Med underskrifta di går du god for at du har gitt rette og fullstendige opplysningar og har forstått meldeplikta.

Felt 9 Stadfesting dersom søkjaren ikkje har fylt ut blanketten sjølv
Feltet skal fyllast ut dersom søkjaren ikkje har fylt ut blanketten sjølv.

Nullstill

Nullstill skjemaet før du lukkar det

Krav om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

1 Personlege opplysningar

Etternamn, fornamn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse	Telefonnr.
Postnummer og poststad	Bukommune
Statsborgarskap	Flyktning? Ja ☐ Nei ☐
Sivilstand: Ugift ☐ Sambuar ☐ Gift ☐ Registrert partnar ☐ Separert ☐ Skild ☐ Enkje/enkjemann ☐	Dersom du er **gift eller har registrert partnar**, lever du og ektefellen/partnaren kvar for dykk? Ja ☐ Nei ☐
Bur du fast i Noreg? Ja ☐ Nei ☐	Har du opphalde deg i utlandet dei siste 90 dagane? Ja ☐ fra: til: Nei ☐
Har du tenkt å opphalde deg i utlandet i meir enn 90 dagar dei kommande 12 månadene? Ja ☐ Nei ☐	

2 Opplysningar om ektefellen/sambuaren/registrert partnar dersom de lever saman

Etternamn, fornamn	Fødselsnummer (11 siffer)
Har han/ho opphalde seg i utlandet dei siste 90 dagane? Ja ☐ fra: til: Nei ☐	Har han/ho tenkt å opphalde seg i utlandet i meir enn 90 dagar dei kommande 12 månadene? Ja ☐ Nei ☐

3 Opplysningar om pensjon og anna inntekt

Har du sett fram krav om anna(n) norsk eller utanlandsk yting/pensjon som ikkje er avgjort?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, kva slags yting/pensjon?
Har du arbeidsinntekt/personinntekt?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, oppgi bruttobeløp per år Kr
Har han/ho inntekt av kapital eller anna formue?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, oppgi bruttobeløp per år Kr
Har du pensjon?	Ja ☐ Nei ☐	
Viss **ja**, frå kva ordning får du pensjon?		Viss **ja**, oppgi beløpet per år. Kr
Sum arbeidsinntekt/personinntekt, kapitalinntekt og pensjon		**Kr**

4 Opplysningar om pensjon og anna inntekt til ektefellen/sambuaren/registert partnar

Har han/ho sett fram krav om anna(n) norsk eller utanlandsk yting/pensjon som ikkje er avgjort?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, kva slags yting/pensjon?
Har han/ho arbeidsinntekt/personinntekt?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, oppgi bruttobeløp per år Kr
Har han/hun inntekt av kapital eller annen formue?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, oppgi bruttobeløp per år Kr
Har han/ho pensjon?	Ja ☐ Nei ☐	
Viss **ja**, frå kva ordning får han/ho pensjon?		Viss **ja**, oppgi beløpet per år. Kr
Sum arbeidsinntekt/personinntekt, kapitalinntekt og pensjon		**Kr**

5 Opplysningar om formue

Har du formue?	Ja ☐ Nei ☐	*Legg ved kopi av den siste likningsutskrifta eller den siste sjølvmeldinga dersom den er nyare.*	
Har du finansformue?	Ja ☐ Nei ☐		Viss **ja**, oppgi beløpet Kr
Har du anna formue?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, spesifiser kva type formue.	Viss **ja**, oppgi samla skattetakst. Kr
Har ektefellen/sambuaren/ registrert partnar formue?	Ja ☐ Nei ☐	*Legg ved kopi av den siste likningsutskrifta eller den siste sjølvmeldinga dersom den er nyare.*	
Har ektefellen/sambuaren/ registrert partnar finansformue?	Ja ☐ Nei ☐		Viss **ja**, oppgi beløpet Kr
Har ektefellen/sambuaren/ registrert partnar anna formue?	Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, spesifiser kva type formue	Viss **ja**, oppgi samla skattetakst. Kr

6 Opplysningar om sosialstønad

Får du eller ektefellen/sambuaren/registrert partnar, eller har du eller ektefellen/sambuaren/registrert patnar i løpet av dei siste tre månadene fått sosialstønad til livsopphald?	Ja ☐	Nei ☐

7 Opplysningar om eigne barn og eigne adoptivbarn under 18 år

Etternamn, fornamn	**Fødselsnummer (11 siffer)**	**Bur barnet saman med deg?**
Nr. 1		Ja ☐ Nei ☐
Nr. 2		Ja ☐ Nei ☐
Nr. 3		Ja ☐ Nei ☐

Har nokon av barna opphalde seg i utlandet dei siste 90 dagane? Ja ☐ fra: til: Nei ☐	Har nokon av barna tenkt å opphalde seg i utlandet i meir enn 90 dagar dei kommande 12 månadene? Ja ☐ Nei ☐
Viss **ja**, kven?	Viss **ja**, kven?
Har nokon av barna som du bur saman med, inntekt? Ja ☐ Nei ☐	Viss **ja**, kven?
Kva slags inntekt? Arbeidsinntekt/personinntekt ☐ Kapitalinntekt ☐ Underhaldsbidrag ☐ Pensjon ☐	
Viss barnet har **pensjon**, frå kva ordning?	Den samla bruttoinntekta til barnet per år Kr

8 Målform og underskrift

Kva målform ønskjer du i svaret? Bokmål ☐ Nynorsk ☐	Eg veit at NAV kan skaffe seg dei opplysningane som er nødvendige for å avgjere kravet, og eg kjenner innhaldet i orienteringa på side 1 og rettleiinga på side 2. Dato og underskrifta til søkjaren

9 Stadfesting dersom søkjaren ikkje har fylt ut skjemaet sjølv

Søkjaren veit at NAV kan skaffe seg dei opplysningane som er nødvendige for å avgjere kravet, og han/ho kjenner innhaldet i orienteringa på side 1 og rettleiinga på side 2. Spørsmåla og svara på side 3 og 4 er opplesne for han/henne. Søkjaren har sjølv skrive under på skjemaet.	Dato og underskrift
Adresse	Telefonnummer